

# Statens informasjonskontor i Ålesund og Vigra kringkaster - året 1940.

Norge vart okkupert av Tyskland 9.april 1940. m

Rett etter okkupasjonen vart NRK's hovedkontor i Oslo og distriktskontora i dei største byane i Sør-Norge - overtatt av fienden.



Tyskarane sin leiande norske medhjelper, Vidkun Quisling, forsøkte som den første i verden å begå statskupp over radio.

Men kuppforsøket mislykkast då tyskarane ikkje var interessert i å støtte Quisling-regjeringa.

Likevel - det vart snart klart at det var viktig for det frie Norge og den norske regjering å få etablert ein sjølvstendig informasjonskanal.

## Vidkun Quisling (1887-1945)

Her peika Ålesund seg snart ut som eit naturleg valg. Tyskarane hadde enno ikkje kom til Nordvestlandet - og i tillegg var Vigra kringkaster den sterkeste og mest moderne i heile Norge.

Og rett nok - etter ei kort stund vart det i Ålesund oppretta ein fri kanal for informasjon - slik :

**12.april 1940**

**16.april 1940**

**1.mai 1940**


**Nyheitskontor** på Latinskulen i Ålesund - med lyttepost på Fjellstua. Sjef Kaare Fostervoll. Rektor LS.

Det lokale Nyheits-kontoret vart no eit nasjonalt kontor. Fekk **23.april** namnet **Statens Informasjonkontor**. Sjef Kaare Fostervoll. Over 100 ansatte.

Statens informasjonskontor la ned i Ålesund og flytta til **Tromsø** pga. tyskarane nærma seg.

**Denne viktige, spennande og til dels gløymde hisoria i nærområdet vårt - skal vi sjå på no.**

**1920**



Alt starta i Amerika i det herrens år 1920 med regelmessige radiosendingar. KDKA - kallesignalet , betyr ingenting. Pittsburg,Pennsylvania.

• **1924**

Åelsund fekk ein prøvesendar frå Telegrafverket i Oslo for radiotelefoni-samband mellom fiskebåt og land .

Denne sendaren vart og brukt til pioner-kringkasting.



- **1925**

Ålesund Radiolag vart stifta for å drive meir regelmessige sendinger.

- **1927**

Privat kringkastings-aksjeselskap starta i Ålesund

- **1933** Nrk vart skipa.

Nrk fekk monopol på kringkasting. Ålesund kringkastingsseselkap vart overatt av NRK.



NRK's første lokaler i Stortingsgata 24 i Oslo - eit tidlegare pianolager. Der Hotell Continental no ligge.

## • Mottakar-apparat

Mange lytta på radio lenge før NRK si tid. Både frå inn- og utland. Det var utsøydeleg tale, men likevel eit mirakel.

Ein gamal fiskar frå øyane utanfor Ålesund  
(kanskje Vigra ?) skrepte av radioen med desse orda :

**« Dei sende frå ein pub i London og kvaliteten var so god at  
eg formeleg kjende ølgeisen frå serveringsdikken ».**



Her krystallmottakar med øyre-telefon.

To personer kunne lytte samtidig - delte på . Billig og enkel , kunne bygge sjølv

Her musikk dei kunne høre på 1920-talet - [Happy days are here again.](#)  
[spot](#)

## • 1935

### **Vigra kringkaster**

Inntil no hadde lyttarane i Møre- og Romsdal berre den vesle sendaren til Ålesund kystradio.

Det var to ulemper med denne sendaren :

- Svak sender og dermed därlege mottakertilhøve
- Måtte dele på bruken med kystradioen.

So NRK hadde behov for ein ny og sterkare sendar - berre for seg sjølv.

Planlegginga av ny sendar tok til.

Tre plasser var aktuelle:

- **Moa**
- **Ratvika**
- **Flisneset.**


Alle desse tre vart etterkvart forkasta. Det komiske her er at Moa vart vraka pga. området var utpeika til flyplass.

**Ein gjekk derfor inn for Vigra - der  
var gode sendarforhold og dessutan  
- flyplass på ei øy var i hvert fall  
ikkje aktuelt.**



I midten av november 1935 sto sendaren på Vigra klar for bruk. 10kw.  
Oskar Stinessen vart tilsett som styrar i 1.1.1936.

## • 1936 heftig namnestrid



Det var kanskje ikkje so rart med namnestrid. I eit fylke som akkurat samtidig, i 1935, skifta namn frå Møre til Møre og Romsdal.

Fleire varianter vart brukte på kringkastaren i byrjinga og forvirringa var stor. Ålesund kringkaster vart dårleg likt lenger nord i fylket.

Men til slutt fastsette Kyrkjedepartementet det offisielle namnet til Møre kringkaster. No rekna dei fleste med at saka var avgjort.




Olav Midttun (1883-1972)

Men so kom det fram at riksprogramsjef Olav Midttun såg på Vigra som det beste namnet. Dette hadde også Oskar Stinessen, styrar ved kringskastaren, tatt til orde for.

Kyrkjedepartementet måtte handsame namnespørsmålet ein gong til. Og no vart det bestemt ein gong for alle - sendaren skulle heite **Vigra kringkaster**.

## • 1939

**Storsendar til Vigra grunna fangst og fiskeriinteresser.**



Her er panelfronten på den nye RCA (Radio Cooperation of America) 100kw-sendaren som erstatta den gamle på 10kw.

Vigra forlet langbølge og gjekk over til mellombølge-sendinger.  
Det vart no totalt 9 tilsette .

## ● 1940

Norge vart invadert av Tyskland 9.april 1940. Nesten samtidig starta ein eterkrig i Norge - ein krig der dei tysk-kontrollerte radio-stasjonane kjempa mot dei «frie norske».

Denne krigen blei ført med propaganda og informasjon som våpen.

Det spesielle med radioen ifh. andre media er at den kan mottas av fienden så vel av det publikum den var bestemt for.

### Eit eksempel frå eterkrigen - DIKT.

I mai 1940 gjekk fleire fiskeskøyter frå Åndalsnes til Tromsø.

Om bord var Norges gullbeholdning.



**Nordahl Grieg (1902-1943).**

Grieg ville mane fram kampvilje i den dystre stund. Samtidig som han fullførte diktet - kom båtane med alt gullet om bord vel fram til Tromsø. Nokre dagar seinare - på sjølvaste 17.mai 1940 - gjekk Grieg i NRK-studio i Tromsø og las opp dette nye diktet sitt. Sendt ut over den siste frie kringkastaren i Norge.

Denne sendinga får vi no høyre - med Grieg i NRK Tromsø. Diktet vart og opplest fleire gonger frå NRKstudio i London, og då rann tårene på lyttarane.

I lugaren på ei av desse skøyten med kurs mot nord, sat diktaren Nordahl Grieg og skreiv på eit dikt. Dette diktet fekk stor haldningsskapande verdi sommaren 1940. Diktet fekk namnet **«17mai 1940»**, men er bedre kjent som **« I dag står flaggstangen naken ...»**.


Dette er eit kampdikt - ein kamp mot okkupasjonsmaktene.

Her er hamrande rytme og slåande ord.

<https://www.youtube.com/watch?v=Xoto7kJz1es>

1. start      2. 2:50

**Alt på okkupasjonsdagen 9.april tok tyskarane makta over nesten alle hovudsendarane i Sør-Norge.**



Vigrasendaren:

- Mest moderne
- Best rekkevidde (nasjonalt og internasjonalt).
- Sterkaste (100KW) dei lenger nord svakare sort.

## • 9.april 1940 - leiinga



**Kristian Langlo**  
sjef NRK Møre- og Romsdal



**Oskar Stinnesen**  
sjef Vigna kringkaster

Etter invasjonen hadde ingen av desse to nokon spesiell instruks å halde seg til. Dei måtte berre stole heilt på eigne vurderinger.



**Oberst Thue IR11**

11.april kom NRK Møre og Romsdal under militær kommando.

Oberst Thue var sjefen for Møre infanteriregiment 11 (IR11) som var plassert på Setnesmoen på Åndalsnes.

Han ga Langlo og Stinnesen stort sett frie hender.

Likevel - dei hadde følgande ståande ordre :

- Formidle militære kodemeldinger telegrafisk til England
- Når det vart aktuelt skulle dei stanse vanlege sendinger.

Det skulle etterkvart vise seg at NRK Møre og Romsdal sto framføre ei stor og skremande oppgåve:

**Øya Vigna hadde nemleg eit av dei viktigaste angrepsmåla i landet - kringkastarstasjonen.**

- **Dette skjedde like etter invasjonen tirsdag 9.april 1940:**
- Kl.1930 høynde Stinessen annonsering av ein proklamasjon frå Formannen i Nasjonal Samling, Vidkun Quisling. Då gjorde Stinessen si første ulovlege handling - han kopla ut Vigra kringkastar.
- Ut på kvelden vart kringkastaren slått på igjen, mest for å vise at den fortsatt fungerte og ikkje var bomba. Men då vart Quislings tale sendt ein gong til som opptak. Og då var det for seint når dei oppdaga det. Her er Quislings tale 9.april 1940.  
**Legg merke til når han seie «under disse omstendigheter»  
Då kjem statskuppforsøket - på radio !!!!**  
<https://www.youtube.com/watch?v=ddYXjFgnlw>  
Men som sagt radiokuppet mislykkast.



Vidkun Quisling (1887-1945)

Riksprogramsjef Olav Midtun skreiv seinare om sitt møte i NRK med Quisling og hans folk: « Det slo meg at Quisling var det **styggaste og mest motbydlege** menneske eg hadde sett.

Ellers var det synbart at fleire av Quisling sine folk var alkoholpåvirka ».



- **Fortsatt tirsdag 9.april 1940**
- Hamar kringkaster vart talerøyr for regjeringa dei første dagane etter 9.april. Men dette var ein svak sender med kort rekkevidde.
- Oskar Stinnesen sin rapport om det som skjedde :
 

*« Ingen beskjed fra overordnet instans. Både i Ålesund og på Vigra prøvde dei iherdig å få overført Hamar-sendingane på linje til Vigra - slik at Vigra-sendaren kunne vidaresende. For i motsetning til Hamar-sendaren hadde Vigra dekning til heile landet.*

*Ei slik ordning vart lova oss, men ingenting skjedde. Det står for oss fremdeles helt utilgivelig og vekker harme ved tanken at de som administrerte kringkastingsnettet - intet foretok seg for å utnytte den kraftfaktor og det talerør for regjeringa som Vigrasendaren kunne ha vært de første dagene.*

*I stedet ble regjeringsmeldinger sendt over den forelda Hamarsenderen som knapt dekket Hamar by. Samtidig lot man Oslo-programmet dure fram til Vigra på god linje.*

*Vi kom til slutt i kontakt med en småsjef i Oslo som mana oss til å gjøre vårt ytterste for å holde stasjonen gående.*

*Denne henvendelsen virket sterkt oppmuntrende på oss alle »*

- I Ålesund vart det satt i gang arbeid med å få lage lokalproduserte sendinger - men der følgende meldinger skulle ha høg prioritet
  - meldinger om krigen
  - offisielle meldinger frå regjeringa
  - frå politiet
  - frå militære
  - fylkesmannen
  - kommunale organ
  -

## Og no begynner det uhyggelege:



*Dei første tyske flya kom i lav høgde innover Vigra frå sørvest.*

*Fleire fly kom - delvis transportfly , men utan angrep på stasjonen.*



*Mange frivillige vigringer kom og hjalp til.*

*Viktig utstyr vart frakta vekk frå stasjonen.*

*Fly-lyttepost etablert på Synes-fjellet.*

**Vern** - å kaste seg ned bak steiner/ujevnheter i det flate landskapet rundt radiostasjonen.

- **Onsdag 10.april 1940**

***Stinessen skriv vidare : «Fortsatt ingen beskjed fra overordnet instans.***

*Vi var i kontakt med Telegrafverkets distriktsjef i Molde, som var vår nærmeste overordnede. Han mente vi burde sende ut programmet fra Oslo - ispedd litt lokalt stoff.*

*Dette fant vi helt meningsløst og vi vart enige med programavdelinga i Ålesund om å la stasjonen stå avslått.*

*Dette vart misforstått av lyttarane som henvendte seg til lensmannen for å få radio-bestyreren fjernet. Da de mente det tjente tyskernes sak å la stasjonen stå avslått».*

Første lokalproduserte sending frå NRK Møre og Romsdal - no som Norges røyst utad - som einaste frie hovudsendar i Sør-Norge.

Vigra var faktisk den sterkeste (100kw), den mest effektive og moderne av dei 9 hovudsendarane i Norge.

Sendaren hadde stor rekkevidde både innanlands og utanlands.



*Ingen flyaktivitet*



*Frivillige mannskaper med skytterlagsgevær og springer/harpun-gevær utførte vakttjeneste rundt stasjonsområdet. Øyas lastebiler ble stilt til disposisjon for transport av Vigras vepnede styrker til steder hvor mistenkelige personer hadde vist seg.*

## • Kringkastarvakta - leiinga

Fleire hadde angst for angrep mot kringkastaren - for eksempel slik det skjedde med Sola flyplass ved Stavanger - som vart tatt av fallskjermtropper 9.april. Dei flate viddene rundt Vigra-sendaren måtte virke innbydande på slike fiender.



Lensmann Olav Synnes 1884-1963

Lensmann for Haram og Vigra, Olav Synnes, innkalla derfor i all hast folk til vaktteneste for å beskytte kringkastaren

Lensmannen vart leiar av vaktstyrken som i første omgang bestod av Roald skytterlag.

Etterkvart vart det satt opp tre vaktlag på 12 mann. To lag frå Vigra og eit frå Valderøya. Til saman 36 mann.



Ei stund etter vart artillerioffiser Arnfinn Roald (Hau-Arnfinn), beordra til å leie forsvaret av kringkastarstasjonen

Arnfinn Roald (1914-1983) her som løytnant.

- Roald skytterlag anno 1900.



Skytterlaget stifta i 1885 - nedlagt etter avbrudd i 1978. S-Jack var mangeårig formann og fylkesmeister i skyting.

- Kringkastar-vakta sine våpen.



## Krag-Jørgensen



## Harpun-gevær

### Uegna våpen

Disse våpena var lite egna mot store og solide tyske fly. På Vigra ba dei derfor om luftvern-mitraljøser . Politimesteren i Ålesund gjorde det ikkje enkelt med sitt krav om 4000,00kr i depositum for utlån av slikt skyts. So mange penger hadde NRK Møre og Romsdal ikkje.

## • Uniformering og Haag-konvensjonen

**Tysk fallskjerm-soldat**



**Kringkastervakt i sivil**



**Bjarne Røsvik (1917- 2007 )**

Iht. Haag-konvensjonen (av 1899 og 1907) er soldater i uniform sikra viktige retter i krig. Blir soldater tatt til fange skal dei handsamast anstendigt.

Kringkastervakta derimot, med sitt stort sett sivilt-kledde personell, hadde ikkje desse rettane. Dei kunne bli tatt for kriminelle/terrorister og avliva med nakkeskudd.


Det er tvilsomt om vigringane hadde kjennskap til dette. Likevel - dei kunne med rette frykte fallskjermssoldater.

## «Transportbataljon» Vigra.

Det var to som dreiv med lastebilkøyring kommersielt i 1940. Desse to stilte opp med sine køyrety for transport ifm. vernet av kringkastaren.

Desse to var :

1. Hans Blindheimsvik «Vike-Hans» ( 1889-1970) og Elias Blindheim «Marke-P Elias» ( 1905- ) eigde denne lastebilen i lag. Innkjøpt 1938. Sonane til Hans : Arne og Olav , var sjåførar.



2. Olav Blindheim («Reme-Olav» 1908-1986).



**Her «Reme-Olav» og eldstedottera Ann-Eli i 1941 med lastebilen som vart innkjøpt 1938.**

3. I tillegg Smed-bilen. Felleseige -brødrene **Knut**(1902-1991), **Bjarne**(1915-2007) og **Petter Roald** (1919-2008).





**Knut Roald** var sjef for Vigra kraftlag i 1940. Under sine mange oppdrag for kringkastaren brukte han denne lastebilen.

Her på bildet transporteres ny transformator på plass etter krigen.

Ellers blei bilen også brukt ifm. vernet av kringkasteren april1940 - då var det vanlegvis **Bjarne** som var sjåfør.

- KAMUFLASJE.

Scheisse - Wo sind  
die Norweger ??




Opp i all elendigkeit og truande skyer som hang over øya - var det også muntre øyeblikk. Johan Roald «Haugesund» (1917- 1999 ) minnest det som føle artig når dei skulle kamuflere lastebilane som for rundt om på øya. Bilane vart dekt med greiner for at flya ikkje skulle oppdage dei.

Rundt 1940 var Vigra ei nakja øy - nesten utan tre. Det komiske var at dei få buskene som var på Vigra - bevega seg no rundt omkring.

- Torsdag 11.april 1940.

Fortsatt uten kontakt med overordnet instans.

Men no kom dei i gong for fullt i Ålesund med lokalproduserte sendinger for heile Norge.



Opna med fedrelandssalmen «Gud signe vårt dyre fedreland»- framført av dei som var i studio.

(spot - Gud signe)

regjeringserklæringa frå statsminister Johan Nygaardsvold til det norske folk. På fire språk.



**Johan Nygaardsvold**  
statsminister 1935-45.

- Kongens tale og kongens nei vart og sendt.



**NEI !!**

- dagsnytt med krigsnytt
- meldinger - som denne: alle norske fyrstasjoner måtte slukkes.  
andakt - song - musikk.




*Flere fly i lav høyde over  
stasjonen, men intet angrep*



*Enkelte ganger søkte vi dekning  
- andre ikke.*

# PAUSE .....



## • Fredag 12.april

### **Fremdeles ingen beskjed fra overordnede**

NRK Møre og Romsdal fekk norsk militært pålegg om å etablere sensur av nyhende som gjekk ut til radio og aviser.

Dette vart eit stort arbeid med all den informasjons-straumen som kom i kjølvatnet av krigen.

For å takle alt dette vart det oppretta to stasjoner i Ålesund:

- Det vart oppretta eit «nyheits-kontor» i Ålesund» med Kaare Fostervoll som leiar.



**Kaare Fostervoll (1891-1981).**

Rektor Latinskolen i Ålesund : 1938-1941

KUDminister : 1945-1948

Kringkastingssjef : 1948-1962

- Han var rektor på Latinskulen i Ålesund. Kontoret vart eit svært kontor som etablerte seg nettopp på Latinskulen. Tilsaman 100 personer arbeidde no på kontora på Latinskulen og eit lyttekontor på Fjellstua.



**Latinskulen**

- Lytteposten på **Fjellstua** kunne ta i mot russiske, franske og engelske meldinger.  
*(for eksempel talen til den engelske statsminister sir Winston Churchill spot.)*



Ein del flytrafikk rett over stasjonen på Vigra.  
Etter mørkets frembrudd - slutt på flytrafikk



Fortsterka vaktteneste rundt stasjonen vhja  
frivillige med armbind «**POLITI**».

*NRK Møre og Romsdal var i telefonkontakt med IR11 og ba om militær beskyttelse av Vigra kringkaster. «Militær hjelp vil komme med tiden» var svaret.*

*Men som vi veit i ettertid - hjelpa kom aldri. So vigringane måtte klare seg sjølve- med dårleg egna våpen og stort sett utrena frivillige.*

## • Laurdag 13.april 1940

**Fremdeles ingen beskjed fra overordnede**

Stinnesen heldt no å gå frå vit og forstand av mangel på ordar.

Ei melding gjekk ut : « 22 tyske fly passerte Sognefjorden på veg nordover».



Stor flyaktivitet. Kringkastarstasjonen overflydd fleire gonger.

Opp til 8 britiske jagere deltok i forsvaret av kringkastaren.



Her bilde av 6 av 8 britiske krigsskip , som 13.april 1940, stimer med full fart mot Vigrafjorden - mellom Løvsøya og Vigra. Samtidig sky dei mot tyske fly over kringkasterstasjonen.

Dei tyske fly kjem no etter skipa. Når dei ender opp i ope hav blir det eit skikkeleg basketak - og 3 tyske fly skal ha blitt skutt ned.

## Ruta til dei engelske krigsskipa 13.04.1940.



Men korleis såg disse engelske krigsskipa ut. Jøu det skal dåkke få sjå no.  
(Desse 8 skipa var **Glasgow**, **Sheffield**, **Somali**, **Mashona**, **Afridi**, **Sikh**,  
**Mohawk** og **Matabele**).

Eit av desse skipa var «

## **HMS Sheffield» (1936-1967).**

Destroyer eller Jager - er type krigsskip opprinnelig bygd for å ta/jage torpedobåter.



**Lengde 170m - max fart 32knop.**



Desse 8 skipa var under kommando av Captain Frank Pegram . Han deltok også under første verdenskrig

**Captain Frank Pegram (1890-1944)**

Heftig skyting frå skipa i heldt flya på avstand frå kringkastaren.

Skuddveksling mellom skip og fly var noko nytt for vigringane. Mange for oppå Molnesfjellet og Blindheimsfjellet for å få betre utsikt , men dette var ikkje ufarleg. For kuler og anna skyts svirra rundt haudet på dei.

## • Fortsatt laurdag 13.april 1940



### Spot - war i des

Då sende engelskmennene ei melding til lensmann Olav Synnes :

**« Get those mad people off the hills so that i can use my guns !!!!!»**

Lensmannen telefonerte deretter til folk rundt om på øya og bad dei bruke vit og forstand.



Flyalarmen gjekk i eitt - og ein frykta landing av fallskjermtropper - so kringkastarvaktene fyrtे derfor laus på flya. Heldigvis det roa seg etterkvart.

Ein fekk og sendt ut første offisielle krigsoversyn frå Hærrens- og Sjøforsvarets overkommando. Også stortingspresident Carl J. Hambros viktige tale til det norske folk blei sendt ut.

## • Søndag 14.april 1940



Ein relativt roleg dag - uvanleg tett  
tåke på Vigra.



For å få laga dekning rundt stasjonen kontakta dei Sevrin Rørvik «S.Jack» i Peknut-garden.

Sevrin hadde ein sterk posisjon hos ungdomen.

Han klarte i løpet av kort tid å samle **150 mann** - samt lastebiler med tomsekker. Bla. Lastebilen til nå «Reme-Olav» , «Vike-Hans» og Smed-bilen.

Dei fekk dekka stort sett heile stasjonsbygninga med sandekker - bortsett frå taket som var for svakt til dette.

***Dette var dugnadsarbeid av høg klasse !!***

**Sevrin Rørvik (1879-1956).** Ei imponerande samling skyter-medaljer som burde skremme vatnet av Luftwaffe !!



## Sandsekker som bombevern • Fortsatt søndag 14.april 1940

**NRK studio i Ålesund kom endeleg i direkte kontakt med regjeringa.**

Dei kunne og sende ut Kong Haakons tale - der han innstendig ba folk om å stå samla for å verne om fridomen og sjølvstendet vårt. Dette verka som føde for sjel og sinn.

**Vigra hadde no sin største dag som det frie Norges røyst.**

Kong Haakons tale vart sendt på fire språk:

- Norsk - Engelsk - Fransk - Tysk



Arne Græsdal.

Arne var mangeårig medarbeider i NRK Møre og Romsdal. I eit brev til Arthur Klæbo skreiv han følgande om aprildagane i 1940:

«Å bygge ut ein lokalsendar til full riks-sendar på so korte tid og under slike forhold - krever både omtanke og dyktigkeit. Kristian Langlo - sjef NRK Møre og Romsdal var mannen på rett plass. Han tapte aldri hodet».

Til slutt song dei kongesangen (spot - konges.)

## • **Måndag 15.april 1940**

Alarmtilstand med korte mellomrom utetter formiddagen - der det passerte fly rett over stasjonen. Ellers roleg.

### • **Men so rundt kl.1500:**

Fly-lytteposten på Synesfjellet hadde direkte telefonlinje til Kring-kastaren og rapporterte denne dagen:  
*( Flyrapporten mottatt av presten Hove, han skal vi kome tilbake til ).*

**Fly-alarm - sirene**

**Ei sveit fly på  
veg mot Vigra  
!!!!**

(Sveit eller ving kan vere ein formasjon av opptil 8 fly.)





Her gjekk bla. Johan Roald (Lere) og Bjarne Røsvik (Vøllje) sine vakter.



Det tyske angrepet på Norge fekk kodenamnet Weserubung , etter den tyske elva Weser.

Dette var historiens første integrerte luft, sjø- og landangrep under ein kommando - General Nikolaus von Falkenhorst.

Nikolaus von Falkenhorst (1885-1968)

Ein del av Weserubung var flyangrepet på Vigra kringkaster, som vart utført i regi av **Lehrgeschwader 1 (Treningskvadron-1)**.






**Emblem.**

**Major Dr. Ing Ernst Bormann** (1897-1960). Han var flyger-ess frå første verdenskrig. (Ikke bland saman med Martin Bormann - Hitlers personlige sekretær). Ernst Bormann var sjefen for Treningsskvadron 1. i april 1940.

## **Lehr-Geschwader 1 GRUPPE 3**

### **Heinkel HE-111 «Ulv i fåreklær».**

(utad annonsert bygd som passasjerfly - men det var ei bombefly)




**Rolle** : bombefly .

**Produksjonsår** : 1935-1944

**Kjennetegn** : inntrekkbart understell og to motorer.

## Junker JU 88A «Schnell-bomber».



**Rolle** : bombefly - også stup.

**Produksjonsår** : 1939-1944

**Kjennetegn** : inntrekkbart understell og to motorer.

### • Flyangrepet vidare - den 15.april 1940

- Det kom inn fly frå aust og vest - bomba og skaut mot stasjonen, men sandsekkane verna bygninga godt.  
Dette måtte vere skikkeleg dramatisk for dei på stasjonen.  
Tenk det - krig på fredfulle Vigra - skulle ikkje tru det var sant.
- Til slutt brotta høgspentlinja og Vigrasendaren stilna.




Dei siste orda som gjekk ut var desse: « **Tyske fly bomber Molde. German planes are bomb .....** » og so vart det stilt.

- Skytarane rundt stasjonen prøvde so godt dei kunne å halde fiende-flya på avstand.
- Men dei lukkast ikkje. For no fekk kringkastaren det endelege nådestøtet då eit fly klarte å fly mellom antennemastene og få inn ein fulltreffar på taket av bygninga.

## Frå ro og fred - til krig.

På Vigra var det trygt og godt å bu . Lydar dei var vane med - kom frå ver og vind eller kanskje ein hest som vrinska.

**Else Sørum (f.Synnes).**  
**(1935-2016)**



So overgangen var nok voldsom til **Store MØRKE BOMBESLYK** - som  
laga **DUNDER** og **BRAK** når bomber traff bakken !!!!!

Det måtte vere eit sjokk.

**15.april 1940**



Etter fleire flyangrep kom dødsstøtet. Like før 1600 lukkast det eit fly å kome seg mellom mastene og under antennå.

Dette var virkeleg flyakrobatikk på høgt nivå.

Fekk slik inn ein fulltreffar på bygninga. Heile stasjonen vart totalt øydelagt.

Her må dåkke no prøve å sete dåkke inn i korleis det var å oppleve flyangrep - skremande !

<https://www.youtube.com/watch?v=BBXeTd61d3A>


Propaganda

Flya kom frå Sola flyplass/Stavanger.

(Luftkrigen over Norge 1939-1945).

Fortsatt mandag 15.april 1940

## Tre på Løvsøya som ville hjelpe Vigringar i nød.




**Peter Hove (1904-1981)**

Prest - frå Stordal



**Ivar Kleiva (1903- 1998)**

Lærar - frå Eidsdal



**Erling Dalane (1913-1987)**

Heradsagronom - frå  
Vegårshei.

### **Den druknar ikkje som hengjast skal.n**

Ryktet om drepne og såra ved stasjonen spreidde seg til nabøyane.

Presten i Haram og Vigra, som budde på Løvsøya, var sanitetsutdanna. Han fekk med seg læraren Kleiva og heradsagronomen Dalane og vart rodd til Vigra for å hjelpe til. Dei hadde med seg syklar.

Då dei kom syklande fram til stasjonen prøvde sjefen for vaktstyrken, fenrik Arnfinn Roald, å stanse dei. Å gå inn no med bombefly som nærma seg var livsfarleg . Men han nådde berre tak i agronomen - og før Arnfinn visste ordet av det - var dei to andre innandørs.

Vel inne ringte telefonen. Presten løfta av røret og fekk følgande beskjed : « **Synes-fjellet her, tyske fly på veg mot Vigra».**

Og like etter small det forferdeleg. Bygninga fekk ein fulltreffar. Etter dette kom flya ikkje tilbake. Forsvararane kom no fram frå myrhøl og grøfter. Inne i huset fann dei ein bleik og blodig mann, med glasbitar i ansiktet. Det var lærar Kleiva. Like innanfor døra fann dei presten Hove - med sundrivne klede. Dei trudde han var død. Men nei - som ved eit mirakel - begge to overlevde.

Denne historia viste kor lite budde vi var på krig. Slikt kunne ikkje skje her.

## Slik såg kringkastaren ut etter fulltreffaren.



- Heldigvis - det gjekk ikkje med liv, men det var nære på.

Ei veke etter bombeangrepet kunne ein høyre dette på tysk radio : « **Det lukkast dei tapre tyske flygarane å jamne Vigra med jorda i heftig kamp med 6 engelske destroyarar** ».

Her er det å bemerke at desse 6 skipa - var egentlig styrar Stinnesen og 5-6 mannsfolk med Krag Jørgensen.

***Weserubung, Luftwaffe 15.04.1940***

- Lageberichte - (Situasjonsrapport).



LUFTWAFFE

**«Kamphandlungen über Feindgebiet.  
(Kamphandlinger over fiendeområde)**

Einsatz vom kampffliegern zur Zerstören des Senders Vigra. Bombenangriff gegen 1200 Uhr Erfolgt. Sender wurde durch Durchfliegen der Antenne von 1 Flugzeug ausser Betrieb gesetzt. Nach Funkmeldung wurde Ziel 16.45 Uhr durch Bombenangriff zerstört.

Sender schweigt seit 12.55 Uhr».

(Tysk sommertid - trekke fra 1 time for norsk lokaltid).


- Tysdag 16.april 1940

- Det lokale nyheitskontoret i Ålesund vart no eit nasjonalt kontor.

Sjefen for den frie norske kringkastinga - Arnold Ræstad- var på veg frå Hamar og nordover i Gudbrands-dalen. På Lesjaverk traff han på regjeringa Nygaardsvold. Ræstad hadde ein plan som han presenterte for regjeringa.

Tanken hans var å knyte Norges nye frie riksringkaster i Ålesund - direkte til det frie Norske Telegrambyrå - og slik videreformidle alle meldinger frå regjeringa .

Han hadde altså ein plan om å opprette eit nytt riksprogram som eit alternativ til det tyskkontrollerte Oslo. Regjeringa godkjende planen med ein gong.



Med godkjende plan fortsette no sjefen for det frie NRK, Arnold Ræstad, kursen mot Ålesund for å sete sine planer i verk.

Men då han passerte Åndalsnes fekk han dårlege nyheiter.

**« Vigrasendaren var bomba og øydelagt.».**

Ein skikkeleg strek i rekninga - men han ville ikkje la seg stanse av det.

Ræstad kom til Ålesund 16.april.

Like etter ankomst tromma han saman til eit rådslagnimsgsmøte i Kipervikgata.

Tema på møtet :

- Den nye situasjonen og arbeidet framover
- Takke Ålesundsstabben for arbeidet solångt
- Ordne ein ny kringkaster

Heldigvis hadde dei tatt med seg småsendaren til Hamar kringkastar . og den sette dei opp på Aksla. Men denne hadde kort rekkevidde - og var ikkje riksdekkande.

Som kongefamilien og regjeringa - fann også stadig fleire pressefolk vegen nordvestover.

«Ålesund vart noe eit ubstridt informasjonssentrum» skriv historikaren Hans Fredrik Dahl.

**På latinskulen etablerte desse seg:**

- UD's presseavdeling
- Håkon Lie sekretær i Arbeiderpartiet
- NTB's direktør Birger Knutsen

## • Tirsdag 23. april 1940





Arnold Ræstad  
Sjef for frie norske kringkasting

Kaare Fostervoll  
Sjef for nyheitskontoret i  
Ålesund

- Arnold Ræstad gir Fostervoll sitt nyheitskontor eit offisielt namn.
- Kontoret med ei avdeling på Latinsskulen og ein lyttepost på Fjellstua fekk no namnet « **Statens Informasjonskontor**». Kaare Fostervoll heldt fram som leiar av dette kontoret også.
- Regjeringa godkjende dette namnet 23.april.
- Dette kontoret fora aviser frå Hardanger til Trøndelag med stoff. Men noko særleg til radiosending vart det ikkje - no som Vigra var satt ut av drift.
- **Statens informasjonskontor i Ålesund.**



Her er det Fostervoll som spanderer kaffi på dei tilreisande pressfolka. Dette er inne på Latinskulen.

# 1.mai 1940 - Statens Informasjonskontor frå Ålesund til Tromsø.

48

Det var som sagt mykje pressefolk i Ålesund - det einaste som mangla var ein riksdekkande sendar til erstatning for den nedbomba Vigrasendaren.

- Men ein slik ny sendar kom aldri.
- Sør-Norge måtte gi tapt for fienden
- So det vart ikkje nokon alternativ riksringkasting for det frie Norge - med hovudkontor i Ålesund.
- Den 1.mai 1940 forlet pressefolka Ålesund med NRKsjef Ræstad i spissen. Ferda gjekk no til Tromsø med fiskebåten Grimsøy.



Spot: fishing boat

Dette bildet er ein skikkelig historisk godbit. For bildet viser M-206-A , Mkr "Grimsøy" , frå Ålesund ,på tur til Tromsø med Statens Informasjonskontor om bord. NTB med på reisa tok dette bildet.

Grimsøy returnerte ikkje til Ålesund, men for over til Canada der båten vart disponert av Nortraship for resten av krigen.

Etter krigen vart ein heller ille medfaren Grimsøy levert tilbake til eigarane i Ålesund. Blei etterkvart solgt og fekk nye namn : «Erik Løken» og seinare «Skyttenes». Vart senka i Storfjorden, Hitra i 1972.

## Båt nr.2 frå Ålesund til Tromsø

- NTB og arbeiderpressa fulgte hakk i hæl «GRIMSØY» med båten «REFORM».



*Frå venstre NTBs direktør Birger Knudsen og fire av Arbeiderbladets medarbeidrarar:: nyheitsredaktør Olav Larssen og journalistane Sigurd Evensmo, Tor Gjesdal og Finn Moe. (Foto: NTBScanpix).*

- Kaare Fostervoll - leiaren av «Statens informasjonskontor» blei og med til Tromsø. Han arbeidde for kringkastinga i Tromsø heilt til Norge kapitulerte 10.juni 1940.  
Han returnerte då til Ålesund og tok til att som rektor ved Latinskulen. Men vart avsett ,17.mai 1941,etter påtrykk frå NS-lagføraren i Ålesund.

Sigurd Evensmo 1912-1972 - journalist/forfatter frå Hamar - skreiv fleire bøker.

# KONTRASTER 1940

**17. mai 1940 i Sør-Norge**



© Ukjent kilde

**17.mai 1940 i Nord-Norge**



## • 7.juli 1940

Tyskarane kom til Vigra kringkaster.



Ein ny og liten reservesender kom på plass og vart satt i drift 7.september 1940.

Sendaren var svak og hadde kort rekkevidde.

Likevel- tyskarane brukte denne under heile krigen.

Av og til kom engelske fly forbi og skaut på stasjonen.

Engelskmennene fekk inn fulltreffar i hvertfall ein gong, og kulemerke i sendaren er der fortsatt. Dette skal vi ut og sjå på etterpå.



Her er sendarhytta som tyskarane bygde oppigjen av restane frå den nedbomba bygninga frå 1939. Hytta og 1kw-reservesendaren med kulehull , som står her fortsatt - vart brukt resten av krigen som Vigra kringkaster.



- **Nasjonal samling** (NS) i Oslo sende ut alle slags påbud og instrukser.

Men NRK-studio i Ålesund og dei tilsette på Vigra kringkaster boikotta det meste.

Dei tyskkontrollerte sendingane frå NRK Oslo var ikkje til å stole på lenger.

Dei norske sendingane frå BBC i London , som starta 9.april1940, fekk derfor mange lyttarar.

Sendingane starta alltid med « Dette er London».

<https://ndla.no/nb/node/74280>

Skjebnesymfonien - Beethovens symfoni nr.5



**Olav Rytter 1903 - 1992.**

**Frå Ørsta - ein av dei mest kjende «stemmene frå London».**

## RADIO Philips



### August 1941

Tyskarane likte dårlig populariteten til sendingane frå London. So derfor ga dei følgande order :

- Innleveringsplikt for alle radiomottakarar.
- Åtte dager frist - ellers straff.

### Oktober 1942

- Dødsstraff for å lytte på anna enn tysk-kontrollert radio.
- Likevel - det foregjekk ein god del illgal lytting.
- 3-4000 vart arresterte for illegal lytting.
- Over 60 av dei vart avretta.

### Vinteren 1942

Kristian Langlo, sjef NFRK Møre og Romsdal vart oppsagt.

### 15.mai 1944

Oskar Stinessen, styrar på Vigra kringkaster, vart arrestert.  
Dette fordi han hadde engasjert seg i flyktningetrafikken over Nordsjøen.  
Stinessen sat på Grini fangeleir til krigen var over,  
Då kom han straks attende og tok styrarstillinga på kringkastaren.

## 8.mai 1945

Norge igjen eit fritt land.

Kristian Langlo, den tidlegare sjefen for NRK Møre og Romsdal som tyskarane fjerna, kom straks tilbake.

Alt 8.mai 1945 om morgonen var han på plass igjen.

## 17.mai 1945 Krigssendarbygget



**Her ser vi restane av flaggstanga som vart igjen etter det tyske flyangrepet 15.april 1940. Men trass i halve flaggstong vart det sikkert dubbel feiring.**

Og med tida begynte alt etterkvart å normalisere seg.

## Storfest 12.april 1948.

Nyopning av Vigra kringkaster .



*Stor markering på Løvenvold kino i Ålesund - direktesendt til heile landet.*

### FESTPROLOGEN VED STRAUMSHEIM (3. og siste verset).



Men gong på gong dei kom, dei tyske fly  
med bombelasten sin i dagfast rute,  
og stålet hagla over bygd og by  
og over fridomssendaren der ute.

*Men enno levde han : Hallo.hallo !*

*Med roleg røyst han melde om sin lagnad:*

- *Dei bombar her. Dei bomber Molde no !*
- *Dei tyske flya bom -*
- *Og Vigra tagna.*

Du stod på post og varsla krig ein gong,  
Og du var alltid knytt til landsens lagnad,  
No vonar alle at din nye song  
Må bli ein song om arbeid, ferd og fagnad.


*Så lenge han ikkje dovnar av*

*Den varde-eld som i vårt folk har sigra*  
*Skal dine tonar gå om land og hav*  
*Den frie norske røysta: her er Vigra*

*Henrik Straumsheim 1893-1975*


*Diktaren og læraren Henrik Straumsheim var fiskar på Vigra i eit år - rundt 1908.*

## ***Openingsfesten fortsatt***



*Kong Haakon var tilstades.*

***Kong Haakon VII(1872-1957)***



***Styreformann NRK dr. Otto Lous Mohr  
(1886-1968)***

***Først no hadde Vigra fått den  
styrke og rekkevidde den skal ha.***

Dåverande styreformann Mohr i NRK heldt tale om Vigra kringkaster si rolle både lokalt og nasjonalt - slik :

[http://www.vigrakringkastar.org/  
2016/09/08/sending-fra-  
nyopninga-etter-krigen/](http://www.vigrakringkastar.org/2016/09/08/sending-fra-nyopninga-etter-krigen/) **0:55.**

*Essensen i NRK's styreformann dr. Otto Lous Mohr  
tale om Vigra kringkaster :*

**«Av alle våre kringkastere  
som ble krigsherjet - er denne  
stasjonen uten sammenliging  
den viktigste.**

**Dens gjenåpning er derfor  
meget mer enn en lokal  
begivenhet. Den markerer et  
langt skritt videre mot det  
strørre og endelige mål -  
Norge stemme overalt hvor  
nordmenn ferdes !»**

## Vitnemål om Vigra kringkaster sin betydning.



**Følgande fortelling er nedskriven av ein historie-professor frå universitet i Oslo. Kirke og undervisningsminister Kaare Fostervold las opp dette på Løvenvold kino til stor begeistring.**

«Det er eit lite hotell oppe i fjellene på Østlandet. Det er fullt av Oslo-folk som har søkt hit opp for å finne et relativt rolig sted. Stemningen er forvirret og underlig usikker. Folk går hvileløst omkring.

Radioen flykter fra den ene til den andre stasjon.

- Fra Oslo kommer det tyske meldinger.
- Fra Stockholm, London og Paris strømmer det inn de mest forvirrende meldinger,
- Hva blir det til ? Skal vi overgi oss til slaveriet. Skal vårt folk gå under ?

**Da får vi plutselig tak i Vigra ! Vigra her ! Dette er Vigra !**

Også kommer regjeringens proklamsasjon og kongens tilslutning.

Leve fedrelandet. Leve et nytt Norge.

Etterfulgt av Ja vi elsker. **Spot ja vi elsker**

Vigras namn er for alltid innskrevet i Norges historie ».

## Enden er nær for Vigrasendaren - eller ??????

So 30. juni 2011 - kven skulle tru dette skulle skje ?

<https://www.youtube.com/watch?v=xvmmTwZewHM>

Radiomasta forsvann - men skal historia også forsvinne ?

For husk Vigra kringkaster er den einaste stasjonen som har tatt aktiv del i heile den analoge kringkastingshistoria i Norge slik :

- AM (amplitudemodulert)
- FM (frekvensmodulert)
- TV (Driftskontrollsenter 1967-1984)

Vigrasendaren var faktisk den kengstlevande kringkastaren i Norge  
frå 1935-2011 !

Analog  
Signal      ||)))))

Vi får håpe dei rette personane tek til fornuft sik at  
vi kan ta vare på denne so viktige del av vår felles  
historie - den analoge kringkastingshistoria i Norge.

Og tenk då ikkje berre på bygningane her, men på  
sjølve historia som er mykje meir omfattande enn  
det fysiske du kan sjå dag.



Den kinesiske filosofen Konfucius (551-479) sa det slik:

**« Studer fortida - hvis du vil spå om framtida ».**

## NOTATER:

Peter Hove (1904-1981).

Læraren fann dei bak eit panel - bleik og drivande kvit av ein slags isolasjonsmasse - tilsynelatande uskadd - men sjokkskada.

Presten fann dei etterpå - og han greidde seg utruleg bra.

**Ivar Krohn Gunvald Kleiva** (født 17. mai 1903, død 5. mai 1998) var en lærer, forfatter og lokalhistoriker fra [Eidsdal](#) på [Sunnmøre](#), bosatt på [Dalsøyra i Gulen](#).

I krigsåra var han lærar i [Haram](#)

Per Kleiva 92456438

Haramspresten Hove, ein lærar Ivar Kleiva  
og heradsagronomen i Haram- kom  
roande over fjorden frå Løvsøya der dei  
budde.

Dei kom i land på Roald og sette kurSEN  
mot Synes. Akkurat då dei kom from  
dukka ein ny flysverm opp. Dei to søkte då  
dekning inne i stasjonsbygninga - som no  
var tom og evakuert .

Like etter kom det flyet som klarte å kome  
seg under antennå - og sleppte bomba  
som sprengde huset i småbiter. Etter  
dette forsvann flya.

## 1903- 1998

**Ivar Kleiva i smp artikkel .**

15.april 1940 var eg lærar ved Farstad slkule på Løvsøya. Vigra vart bomba  
denne dagen og vi var i «bomberommet» mest heile formiddagen.

Ei stor hole utsprengt i ein fjellknaus like ved skulen og var tiltenkt til skulebad - var no bomberommet.

I middagstida kom to menn og ville snakke med meg. Det var soknepresten i Haram , Petere Hove og heradsagronomen. Hove fortalte at han hadde fretta at mange var såra på Vigra etter bombinga. Men pga. krigen var nesten alle mannfolka borte frå øya - so no vona han at heradsagronomen og eg ville skysse han over fjorden til Vigra.

Eg slo til - sende skuleklasså heim og fekk tak i ein båt.

Det var stilt fint vårver - so det tok ikkje lange stunda å ro til Vigra.

Men vel framme fekk vi høyre at ingen var såra likevel.

Kringkastingsstyrraren hadde visstnok fått eit kulehol i hatten - men ellers uskada.

Det rettaste hadde nok vore å returnert til Løvsøya - men vi var nok litt nyfikne alle tre – so vi venta litt med heimferda.

Flya hadde vore borte i fleire timer - so eg og presten gjekk til stasjonen.

Agronomen tok ein annan veg.

I kringkastingshuset sto døra oppe - ein telefon ringte.

Hove tok telefonen, det var ei melding frå lytteposten på Synesfjellet: «Tyske STUKAS på veg mot Vigra». Like etterpå kom flya over oss.

Vi sprang og gøynde oss i kvart vårt hjørne. Mellom bombene ropte vi til kvarandre. Men so slutta Hove å svare.

«Noe er vel han ferdig» tenkte eg. Eg høyrde ikkje lydar lenger – såg berre in lysande flekk. «No er eg altså død» tenkte eg. Men brått vakna eg av at eg låg trygt under i jarnplate. Såg meg rundt der heile stasjonen var smadra.

Hove vart sendt til sjukehuset i Ålesund. Han klarte seg bra og det same med meg. Etter at Hove for mot sjukehuset rodde agronomen og eg attende til Løvsøya.

Dagen etter held teg skule som vanleg. Men soga viser kor uvitande og litt budde vi nordmenn var når det galde krig. Slikt kunne ikkje hende her.

Hove nedsatt hørsel resten av livet.

Dei vart åtvara om å ikkje gå inn i bygget.

## Heradsagronomen i Haram 1940

- A. Emil Nerland - Haram i starten av krigen. [sindrerogue@gmail.com](mailto:sindrerogue@gmail.com)
- B. Erling Ansgar Dalane - agronom busett på Kjerstad.
- F.8.6.1913 Vegårshei - Palmar Fjørtoft.

### Haram kulturhistoriske lag :

- C. I eit register over innehavarar av legitimasjonskort i Haram og Vigra i 1941 (utarbeidd av Palmar Fjørtoft i 2004) finn ein Erling Ansgar Dalane, agronom busett på Kjerstad og født i Vegårshei 8.6.1913. U.t synes også lauseleg å huske at agronomstillinga kom til på slutten av 30-talet, men dette kan vere feil..

**Magne Kjerstad** Eg snakka litt med Odd Farstad på Olebuda i dag. Han er 12 dagar yngre enn Per Kleiva, sonen til Ivar. Per vart fødd 1. april 1933. Ivar med familie budde i synste enden av Nordigard heilt til 1947.

Heradsagronom Dalene frå dalstroka nord for Egersund budde på loftet i Eliasgarden. Han flytta inn der etter at lærarinna Hoem flytta sør til Rimma og byrja på Farstadskulen i august 1940. Er ikkje sikker på kvar Dalene hadde hus før han flytta inn i Eliasgarden.

Det var truleg Sverre Farstad og Odd Rønstad (Lunheim) som rodde dei tre karane over Vigrafjorden.

Hove, Kleiva og Dalene hadde med seg syklar som dei brukte frå Roald og sør til radiosendaren.

Ivar Kleiva vart innlagd på sjukehus etter bombeåtaket og var ikkje i arbeid att resten av året.

KAREN OLAVA E. SKOLLENBORG  
20-11-1883 - 1951  
g. 28-09-1911  
JØRGEN JØRGENSEN DALANE  
04-12-1886 - 1958

ERLING DALANE  
08-06-1913 - 29-09-1987  
g. 11-05-1946  
LARENTESE SØVIK, DALANE  
28-06-1918 - 24-09-1987

KARI DALANE  
f. 25-04-1947  
BJØRN MELBYE GULLIKSEN

JOSTEIN DALANE  
f. 02-09-1949  
JANICE OTTERSLAND, DALANE

ERLING DALANE  
f. 06-06-1976

KRISTIN DALANE  
f. 27-04-1979

